



Arkivnr: 2014/19337-19
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.12.2015

Tilskot til ulike kulturføremål haust 2014 - opne søknader

Samandrag

Opne søknader som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og som ikkje er retta mot ei spesiell søknadsordning vert samla opp og handsama i samlesak ved avslutninga på kvart semester. Denne handsaminga gjeld desse og løyvingane vert tilrådd teke av Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto. Enkelte opne søknader kan løftast ut og handsamast enkeltvis om det skulle vere særlege grunner for dette. Slik enkeltsakshandsaming vert i så fall vurdert og bestemt av den administrative og politiske leiinga i fylkeskommunen.

Det handsamast i denne saka 14 opne søknadar med ein total søknadssum på 1 477 000 kroner. Det er 1,25 million kroner til rådvelde for Kultur og ressursutvalet på budsjettet for 2014, og det har gjennom tidlegare tildelingar vore løyvd til saman 1 025 000 kroner, og det står såleis att 229 000 kroner til fordeling no.

Den omsøkte sum sett opp mot den summen som no er att til rådvelde er så låg at det vert vanskeleg å gje tilrådingar/avslag med utdjupande grunngevingar. Fylkesrådmannen har difor valt å i all hovudsak konsentrere midlane i løyving til ein søkjar.

Det er viktig at søkjarar som kan søkje om midlar via dei ordinære/fast søknadsordningane brukar desse og dei tilknytte søknadssystema. Fylkesrådmannen avslår difor i denne omgang dei søknadane som både i søknadssum og innhald ville passe inn i t.d. søknadsordninga Ålmenne kulturføremål og oppmodar til å evt. søkje denne ved neste søknadsfrist. Fylkesrådmannen ser det som viktig at midlane frå rådveldekontoen vert brukt til ekstraordinære tiltak og tiltak som ikkje passer inn i andre ordningar med som likevel ligg i kjerna av fylkeskommunen sitt kulturansvar.

Den søknaden som her er prioritert er støtte til prosjektering av nytt bygg for BIT Teatergarasjen og Carte Blanche. Dette prosjektet har no vart i mange år, og det hastar å få dette på plass på ein god måte. BIT Teatergarasjen er ein sterk og viktig kulturaktør i Hordaland og fylkeskommunen har eit særstærkt ansvar for Carte Blanche. Fylkesrådmannen tilrår difor at dette prosjektet prioriterast no slik at fylkeskommunen saman med dei andre finansieringskjeldene Bergen kommune og staten kan få dette på plass.

Dei andre to som er tilrådd løyving er to små aktørar som i høve museumskonsolideringa er falt utanfor fast finansiering. Dette er små midlar som er essensielle for at både Bjørn West-museet og Stiftinga Olav H. Hauge kan halde fram.

Jf. revisjonsrapport tidlegare dette år, må handsaminga knytt til løyvingar over Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto gjennomgåast. Det vil verte lagt fram sak om dette i 2015. Då dei som har sendt inn

søknadane i som vert handsama her ikkje har søkt via ei spesifikk definert ordning ligg det heller ikkje føre eit definert og vedteke sett med retningslinjer. Det vil likevel vere ein del føringar og retningar i i vurderingane som ligg til grunn. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det. Dei same vurderingskriteria som gjeld for m.a. ordninga for Tilskot til ålmenne kulturføremål vert såleis også lagt til grunn her:

Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Følgjande har søkt om støtte:

1. Ary Morais: Kulturutveksling Norge og Kapp Verde, søker 150 000 kroner
2. Bergen arkitektskole – BAS: Støtte til lærarkurs for kinesiske arkitekt-lærarar, søker 32 500 kroner
3. Bergen og Hordaland Turlag: Friluftslivets år 2015, søker kr 50 000 kroner
4. Bømlo janitsjar: Bømloblåsen sitt 25-års arrangement, søker 17 500 kroner
5. Bømlo teater og Moster Amfi: Festsjellsatelitt på Bømlo, søker 40 000 kroner
6. Hardanger og Voss Museum avd Agatunet: feltseminar i Agatunet, søker 30 000 kroner
7. Masfjorden kommune: tilskot til Bhørn West-museet, søker 15 000 kroner
8. Museumssenteret i Hordaland: utgjeving av Brakaboka , søker 50 000 kroner
9. Norwegian Crafts: satsing på samtidskeramikk, søker 200 000 kroner
10. Olav H. Haugestiftinga: støtte til Olav H. Haugestiftinga, søker 7000 kroner
11. Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater: krisehjelp, søker 400 000 kroner
12. Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus: Ekstraordinært driftstilskot 2014, søker 110 000 kroner
13. BIT Teatergarasjen: prosjektering av nytt teaterhus for BIT Teatergarasjen og Carte Blanche, søker 300 000 kroner
14. Thai forening Hordaland: dekning av underskot ved kulturarrangement, søker 79 395 kroner

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet løyver 229 000 kroner over budsjettpost 400.760.00.14700 – «Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet» slik:

- | | | |
|-----|---------------------------------------|---------|
| 1. | Ary Morais | avslag |
| 2. | Bergen arkitektskole – BAS | avslag |
| 3. | Bergen og Hordaland Turlag | avslag |
| 4. | Bømlo janitsjar | avslag |
| 5. | Bømlo teater og Moster Amfi | avslag |
| 6. | Hardanger og Voss Museum avd Agatunet | avslag |
| 7. | Masfjorden kommune | 15 000 |
| 8. | Museumssenteret i Hordaland | avslag |
| 9. | Norwegian Crafts | avslag |
| 10. | Olav H. Haugestiftinga | 7 000 |
| 11. | Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater | avslag |
| 12. | Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus | avslag |
| 13. | BIT Teatergarasjen | 207 000 |
| 14. | Thai forening | avslag |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.11.2014

Følgjande 14 opne søknader vert lagt fram for handsaming. Tekst i kursiv er sitat/utdrag frå søknad.

1. Ary Morais: Søknad om økonomisk støtte til kulturutveksling mellom Norge og Kapp Verde

Søker 150 000 kroner

A. Utdrag frå søknad:

Våren 2014 har det vært satsingen på kulturutveksling mellom Norge og Kapp Verde. Som et resultat av arbeidet er de kommet fram til at vi ønsker å etablere et sterkt kulturmiljø for å knytte Kapp Verde og Norge mer sammen gjennom kultur og turisme. Samarbeidet mellom de to landene er formalisert i et eget prosjekt. "Norcabo" som skal være en plattform for samarbeid og kulturutveksling.(...)Et slikt samarbeid vil åpne så mange muligheter og utfordringer og vil også spleise norske musikere og kappverdiske musikere både kunstnerisk og sosialt. Ary Morais er ansvarlig for prosjektet (...) samarbeide med det lokale kulturlivet både i Norge og Kapp Verde i forberedelser og gjennomføringer av prosjektet. (...). Det ble arrangert første gang i april 2014 med 4 konserter med variert program i Boa Vista og Sal på Kapp Verde. Vi reiste ned med støtte fra Bergen kommune og turnéen ble en stor suksess.(...)Vi søker om midler både for å kunne gjennomføre prosjekter og for å kunne prøve ut og utvikle nye gode plattformer og konsepter for produksjon, visning og formidling av kunst.

Norcabo prosjekt er blitt skapt med tanke for å fremme profesjonelle norske utøvere på Kapp Verde, samt å hente inn profesjonelle kappverdiske artister til Norge.(...) Det prosjektet vil kalles for "Norcabo" og det er planlagt 3 konserter med norske artister på Kapp Verde i vinteren og 3 konserter med kappverdiske artister i Norge i sommeren 2015.

Tilbudet skal ha en balanse mellom det kommersielle og den smale sjangere, slik at det kan appellere til et større publikum uten at det går på bekostning av identiteten og kvaliteten til musikken. Første fase av dette prosjektet, Norcabo har planlagt oppstart på Kapp Verde i desember 2014 og siste konsert i Norge i september 2015. Konsertene vil gjennomføres i vintertid på Kapp Verde og sommertid i Norge. Idéen er at konsertserien skal selv etter første år så langt det er mulig, klare å finansiere seg selv gjennom billetinntektene. Andre fase av dette prosjektet skal gjennomføres på samme måte som første fase, men sette opp konsertprisene til normale priser. I tiden frem til første fase har konsertserien forhåpentligvis etablert et stabil besøkstall, og skal klare å finansiere seg selv mest mulig med mindre støtte fra det offentlige.

B. Økonomi: søker om midler til å dekke reiser, honorar for 6 konserter, markedsføring og administrasjon til Norcabo konsertserie 2015. Totalbudsjett 632 000 kroner.

INNTEKTER

Forventede billetinntekter / honorar 6 konserter (Billettpris 50/150):	76 000 kroner
Innvilget støtte Oasis Atlantico Diet og opphold på Kapp Verde:	126 000 kroner
Omsøkt støtte Hordaland fylkeskommune:	150 000 kroner
Omsøkt støtte Norsk Kulturråd:	175 000 kroner
Omsøkt støtte Oslo kommune:	75 000 kroner
Eigenfinansiering:	30 000 kroner
Sum inntekter	632 000 kroner

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Søklar/prosjekt er lite knytt til Hordaland. Bergen kommune har støtta tidlegare deler av prosjektet, og Hordaland fylkeskommune har handsama søknad med negativ innstilling tidlegare. Tilknyttinga til Hordaland er i denne fasen at ein av dei potensielt deltakande musikanane er frå Bergen. Fylkesrådmannen ser ikkje dette som tilstrekkeleg for å prioritere støtte til tiltaket., og ser ikkje at det omsøkte tiltaket ved ei heilskapsvurderinga av kriteria kjem høgt nok opp på prioriteringslista i denne søknadsomgangen.

Tilråding avslag

2. Bergen arkitektskole – BAS: Søknad om støtte til lærarkurs for kinesiske arkitekt-lærarar

Søker 32 500 kroner

A. Utdrag frå søknad:

BAS sin studieplan byggjer på Open Form, ein demokratisk arkitektur, for alle sin medverknad, berekraftig, og for kontinuerleg vidare på bygging. Open Form avløyser den historiske arkitekturtradisjonen om Lukka Form. The School of Architecture of GDUT, GuangDong University of Technology, Guangzhou, Kina, vil endra studieplanen sin til ein arkitektskule med Open Form program og didaktikk etter mønster frå BAS. BAS held Lærarkurs nr.3 for deira lærarar, Sommarkurs 2014. (...) Dei gjestande arkitektlærarane kjem frå Arkitektavdelinga ved GDUT, GuangDong University of Technology. Arkitektavdelinga deira har alt innført Open Form - undervisinga i fyrste og andre studieåret, og prøvt det eit par-tre år, og har etter nasjonal evaluering fått gode merknadar til resultatata. For å innføra denne undervisinga på dei fylgjande studietrinna treng lærarane tilleggsutdanning. (...) Lærarkurset 2014 ved BAS er det tredje, berre for lærarar. BAS har ikkje budsjett eller pengar til undervising utanom den regulere studieplanen og søker om midlar til eksport av program og røynsle frå BAS.

B. Økonomi: søker om midlar til å dekkje honorar til lærarar, dokumentasjonshefte, samt transport- og reisekostnader knytt til kurset. Totalbudsjett 195 000 kroner

INNTEKTER:

Omsøkt støtte Konsulatet i Guangzhou:	32 500 kroner
Omsøkt støtte Norges Forskningsråd:	32 500 kroner
Omsøkt støtte NAL, Norske arkitekters landsforbund:	32 500 kroner
Omsøkt støtte Fritt Ord:	32 500 kroner
Omsøkt støtte Hordaland Fylkeskommune:	32 500 kroner
Omsøkt støtte Bergen kommune:	32 500 kroner
Sum inntekter:	195 000 kroner

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen ser ikkje at kurs for lærarar i høgare utdanningsinstitusjonar, norske eller utanlandske, er eit prioritert område for fylkeskommunen å støtte økonomisk.

Tilråding avslag

3. Bergen og Hordaland Turlag søker om tilskot til Friluftslivets år 2015

Søker om kr 50.000,-

A. Utdrag frå søknaden:

Opning av Friluftslivets år i Bergen 13. januar ved Erna Solberg
13. januar kjem statsminister Erna Solberg til Bergen for å delta på DNT Vest sitt dagsseminar om friluftsliv, frivilligheit og sikring av friluftslivsområder, og ho vil samstundes stå for opning av Friluftslivets år 2015. Det vil vere direktesendt sending på NRK i høve opninga. Kronprisen skal opne i Oslo same dag og NRK lagar ei 17-mai inspirert sending frå arrangement frå ulike stadar i landet.

B. Økonomi: Søker om kr 50.000,- til å dekke kostnader til foredragshaldarar, lokalleige og andre utgifter i høve dette seminaret og opninga ved statsministeren.

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Friluftslivets år ligg inne med særskild løyving i fylkesutvalet si innstilling til budsjett 2015. Dette tatt i betraktning og den strame ramma for midlar i denne handsamingsrunda gjer at fylkesrådmannen innstiller på avslag.

4. Bømlo janitsjar: Søknad om stønad til Bømloblåsen sitt 25-års arrangement

Søker 17 500 kroner

A. Utdrag frå søknad

Bømlo Janitsjar blei starta i 1989 ved å slå saman Rubbestadneset Musikklag og Bremnes Musikklag. Som einaste musikklaget i kommunen får dei hovudsakleg rekrutteringa frå dei seks skulemusikkлага på øya. For

å gjera skulekorpsa meir attraktive blant barn og ungdom, og derved auka kvaliteten, vedtok korpset i 1990 å arrangera ein årleg konkurranse, Bømlobåsen, der laga skulle få konkurrera mot skulekorps i regionen. Eit viktig element i dette er at laga då kan delta i ein konkurranse som er i regionen og varer berre ein dag. Det gjer at korpsa, store som små, kan få prøva seg og bli vurderte av profesjonelle dommarar, til ein overkomeleg kostnad. (...) Sidan det er jubileum ønskjer Bømlo Janitsjar å gjera litt ekstra for deltakarane, spesielt på festkonserten kor dei legg ned meir arbeid i programmet.

B. Økonomi:

Bømlo janitsjar søker om 17 500 kroner i stønad til utgifter ved årets jubileumsarrangementet av Bømlobåsen. Totalbudsjett: 46 500 kroner

INNETEKTER:

Billettsalg:	5 000 kroner
Deltakaravgift:	24 000 kroner
Omsøkt støtte Hordaland fylkeskommune:	17 500 kroner
Sum inntekter:	46 500 kroner

C. Fylkesrådmannen si vurdering: Dette er ein søknad som kunne passe inn i søknadsordninga Ålmenne kulturføremål, og er innkomen etter fristen for den ordninga. Fylkesrådmannen vil tilrå at løyvingane frå rådveldekontoen skil seg frå dei definerte tilgjengelege søknadsordningane og avslår difor i denne saka dei søknadane som både i søknadssum og innhald ville passe inn i t.d. søknadsordninga Ålmenne kulturføremål.

5. Bømlo teater og Moster Amfi: søknad om stønad for Festspillsatelitt på Bømlo i 2015

Søker 40 000 kroner

A. Utdrag frå søknad

Bømlo Teater vart i sommar kontakta av Festpillene i Bergen om dei kunne vera ein arena for ein satellitt, noko teateret ser på som eit spanande samarbeid dei håper å kunne ha over fleire år. Prosjektet det er plan om å få til teateret er "Eit blad faller til himmelen". (...) Konserten blir leda ann av Herborg Kråkevik og det vil vera fleire lokale kor frå Bømlo og Stord involvert i konserten. Den økonomiske risikoen ved prosjektet vil Festspillene stå for, det vil si kostnadane for artistar, billettsal og inntektene frå dette, mens Bømlo Teater skal stå for kostnadane for arrangementet, som lyd, lys, leie og frakt av flygel og generelle driftskostnader. (...) Bømlo Teater ser på dette som ein fantastisk moglegheit å komme inn i festspillprogrammet for å profilere Bømlo som en kulturkommune, og for å vise fram den unike arenaen som Moster amfi er. Både Bømlo Teater og Moster amfi har bred erfaring med å arrangere storhendingar i den skala som ein festpillkonsert skal vera gjennom mange år med musikalar og Mostraspel. (...) Ved å involvere kor frå både Bømlo og Stord vil det gi konserten ein bred og sterk lokalforankring som vil skape ein stor entusiasme i miljøet rundt disse. Det blir ein moglegheit for dei å få opptre i et større format enn det dei er vant med og få vera del av ein sterk nasjonal kulturberar som festspilla er. Bømlo Teater vil bidra med sin kompetanse som produsent og sine dugnadskrefter med bidrag frå kor miljøa, mens Moster amfi vil stille med arena og bemanning av den. Verken Bømlo Teater eller Moster amfi har økonomi til å ta disse kostnadene aleine.

B. Økonomi: Bømlo janitsjar søker med dette om 40 000 kroner i prosjektstøtte til utgifter ved å arrangere ein satelittkonsert på Bømlo under Festspillene 2015. Totalbudsjett: 110 000 kroner.

INNETEKTER:

Omsøkt støtte Hordaland fylkeskommune:	40 000 kroner
Omsøkt støtte Bømlo kommune:	ukjent
Omsøkt støtte lokalt næringsliv:	ukjent

C. Fylkesrådmannen si vurdering: Det løyvast store midlar til Festspillene, Festspillsatelitter har vore støtta gjennom Kulturelt utviklingsprogram, Moster amfi og Bømlo teater får driftstøtte via fylkeskommunen sitt kulturbudsjett og har fått ekstra løyvingar til prosjekt i inneverande år. Jf. Den generelle tronge økonomiske situasjonen i denne tildelinga tilrår ikkje fylkesrådmannen å prioritere dette tiltaket. Dette er også ein søknad som kunne passe inn i søknadsordninga Ålmenne kulturføremål. Fylkesrådmannen vil tilrå at løyvingane frå rådveldekontoen skil seg frå dei definerte tilgjengelege søknadsordningane og avslår difor

i denne saka dei søknadane som både i søknadssum og innhald ville passe inn i t.d. søknadsordninga Ålmenne kulturføremål.

Tilråding avslag

6. Hardanger og Voss museum avd. Agatunet(14/323 – 390): søknad om støtte til feltseminar i Agatunet

Søkjer 30 000 kroner

A. Utdrag frå søknad:

Det er sterkt ynskje, både nasjonalt og internasjonalt å starta opp eit forskingsprosjekt om mellomalderen på Aga der både bygningar, kyrkje og rettshistorie, saman med kvardagsliv, kan fokuserast på. Det vil også vera ynskjeleg med dokumentasjon av bygningsmiljøet, (3D fotogrammetri, laserscanning) i tillegg til dendrokronologisk datering av tømmeret i ein del av husa på Aga.

I eit nasjonalt pilotprosjekt er målsetjinga å finna ut mest mogeleg om denne garden i mellomalderen. I neste omgang vil dette ha overføringsverdi til andre tilsvarande mellomalderanlegg.

Del 1 oppstart: historisk feltseminar på Aga

Hardanger og Voss museum vil arrangera eit feltseminar i Agatunet 17.—19. september 2014. Til seminaret inviterer me forskarar og fagpersonar som på ulikt vis har relevant kunnskap om mellomalderen og Agatunet. Seminaret vil byggja på bygningane og tunet, med tillegg av Guttorm Rogdaberg sin bygningstekniske rapport, anna historisk materiale, og resultat av dendrokronologiske undersøkingar tekne sommaren 2012. Tanken med seminaret er å føra saman ulike fag og perspektiv, og på den måten finna fram til ny kunnskap. Seminaret vil og leggja grunnlag for arbeid med søknad om midlar til eit fleirårig forskingsprosjekt.

I forkant av seminaret vert det utarbeida eit kompendium til deltakarane med grunnlagsinformasjon om Aga. Nokre av deltakaren vil og bli spurd om å halda eit foredrag eller innleia til diskusjon. Foredraga og konsentrat av diskusjonane vert samla og trykt etter at feltseminaret er gjennomført.

B. Økonomi: søkjar om midlar til reiseutgifter, honorar, overnatting, mat og kompendium til feltseminar på Agatunet. Totalbudsjett: 100 000 kroner

INNTEKTER:

Hardanger og Voss museum	40 000 kroner
Omsøkt støtte hos Hordaland fylkeskommune	10 000 kroner
Omsøkt støtte hos Ullensvang herad	10 000 kroner
Omsøkt støtte hos Hardanger historielag	5 000 kroner
Omsøkt støtte hos Rieberfondene	5 000 kroner
Omsøkt støtte hos Hordaland fylkeskommune, ny søknad	30 000 kroner
Sum inntekter:	100 000 kroner

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er ein søknad som kunne passe inn i søknadsordninga Ålmenne kulturføremål, og er innkomen etter fristen for den ordninga. Fylkesrådmannen vil tilrå at løyvingane frå rådveldekontoen skil seg frå dei definerte tilgjengelege søknadsordningane og avslår difor i denne saka dei søknadane som både i søknadssum og innhald ville passe inn i t.d. søknadsordninga Ålmenne kulturføremål.

7. Masfjorden kommune: tilskot til Bjørn West-museet 2014

Søkjer 15 000 kroner

A. Utdrag frå søknad/B. Økonomi:

I samsvar med tidlegare praksis vert det søkt om slikt tilskot til drifta av Bjørn West-museet i 2014 for dei kommunane som er med i stiftinga:

Gulen kommune kr 5000,-

Lindås kommune kr 5000,-
 Modalen kommune kr 5000,-
 Osterøy kommune kr 5000,-
 Hordaland fylkeskommune kr 15000,-

C. Fylkesrådmannen si vurdering: Som skreve i innleiinga er dette ein av to søknader om små midlar som fell utanfor andre stønadsordningar og som er avhengig av midlane for at tiltaket kan eksistere. Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar i denne storleik gjennom fleire år. Bjørn West-museet er ikkje pr no ein del av konsoliderte museum, men det jobbast for å greie ut om og evt korleis Bjørn Westmuseet kan knyte seg til ei konsolidert museumseining.

Tilråding 15 000 kroner

8. Museumssenteret i Hordaland – søknad om støtte til utgjeving av Brakaboka

Søker 50 000 kroner

A. Utdrag frå søknad

Museumssenteret i Hordaland skal gje ut ei bok om brakakledning i Hordaland med særleg vekt på Osterøy og bygdene kring. Boka tek for seg ein del av ein byggjeskikk som er særmerkt for Hordaland og særleg Osterøy, ein kledningsmåte med røter i førhistorisk tid som framleis er i bruk. Denne særreigne kledningsmåten vert sett inn i ein historisk samanheng med vekt på utbreiing og bruk og på endringar over tid før ein går nærare inn på framgangsmåte, læring og tradisjonsformidling. Veggjar av brakje har gått frå å vera eit teikn på praktisk tilpassing til stram økonomi til å verta symbol på lokal tilknytning og identitetskjensle. Avslutningsvis vert drøfta kva dette "hamskiftet" kan ha å seia for vern og vedlikehald, med mellom anna gjennomgang av moment som bør drøftast i ein verneplan.

Boka vil bli viktig for kulturminnevernet og dei som restaurerer tradisjonelle bygningar med barkekledning særleg i Hordaland.

Arbeidet er ei vidareføring av forprosjektmidlar frå Noregs forskingsråd (1999). Sentrale kjelder har vore SEFRAK-registreringane og Kulturgeografisk registrering for Vestlandet i tillegg til synfaringar og intervju. Forfattar Randi Andersen er avdelingsleiar på Osterøy museum og har hatt 5 månader permisjon med løn frå Museumssenteret i Hordaland og stipend frå Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Omfang vert ca. 120 sider og boka er forventa utgjeve før jul i år.

A. Økonomi: søker om kr 50 000 til delvis dekking av kostnadene til publisering.

Totalbudsjett: 190 000 kroner

INNTEKTER

Sal (300 eks. á 300 kr):	90 000 kroner
Omsøkt støtte hos Norsk Kulturråd	50 000 kroner
Omsøkt støtte hos Hordaland fylkeskommune	50 000 kroner
Sum inntekter	190 000 kroner

B. Fylkesrådmannen si vurdering

Dette er ein søknad som kunne passe inn i søknadsordninga Ålmenne kulturføremål, med ein litt mindre tilskotssum enn no omsøkt. Fylkesrådmannen vil tilrå at løyvingane frå rådveldekontoen skil seg frå dei definerte tilgjengelege søknadsordningane og avslår difor i denne saka dei søknadane som både i søknadssum og innhald ville passe inn i t.d. søknadsordninga Ålmenne kulturføremål.

9. Norwegian Crafts: søknad om støtte til stor satsing på samtidskeramikk

Søker 200 000 kroner

A. Utdrag frå søknad

Den bergensbaserte keramikaren og kuratoren Heidi Bjørgan tok i 2012 initiativ til eit utvekslingsprosjekt mellom Norge og Kina, om samtidskeramikk. Bjørgan har inkludert – også Bergensbaserte - Bjørn Inge

Follevaag, samt dei kinesiske kuratorane Feng Boyi og Wang Dong til samarbeidet. Resultatet er blitt utstillinga *Beyond G(l)aze*, som Norwegian Crafts er ansvarlig produsent for.

Beyond G(l)aze er ei utstilling av keramiske kunstverk, laga av norske og kinesiske kunstnarar. Utstillinga er produsert av Norwegian Crafts, og skal visast på KODE i Bergen, Hordaland. Prosjektet skal vekke nysgjerrighet rundt, og spreie kunnskap om, keramisk kunst sin historiske og samtidige posisjon. Publikum i Bergen og Hordaland vert invitert til å sjå forbi det som er umiddelbart gjenkjenneleg. Ved å stille saman verk frå to svært ulike kulturar opner nye synsvinklar og refleksjonar omkring ein kjent og ein frammed kultur, og fortel publikum om kulturell arv, like fullt som den er en inngang for å auke kunnskap, kjennskap og respekt mellom landa.

I 2013 gjennomførte Norwegian Crafts eit grundig forprosjekt, med møter og atelierbesøk både i Kina og i Noreg. I 2014 opna *Beyond G(l)aze* i Suzhou med 40 000 besøkande og god pressedekning. Når utstillinga vert vist i Bergen i 2015, vil Norwegian Crafts sin internasjonale satsing også bli vist til eit bredt norsk publikum, og være en unik moglegheit for publikum i regionen til å bli kjent med eit viktig norsk-kinesisk samarbeid.

Norwegian Crafts sitt mandat er å promotere norsk kunsthåndverk i utlandet. Grunnen til at del vel å vise *Beyond G(l)aze* i Noreg, er den reelle utvekslinga som fins i alle ledd i dette prosjektet (økonomi, kuratorteam, kunstnarutval, etc). Av det følgjer det naturleg og viktig å vise utstillinga til eit norsk publikum.

Få norske institusjonar i Norge har eit særlig mandat for kunsthåndverksprosjekter på eit så høgt internasjonalt nivå som *Beyond G(l)aze* representerer. Prosjektet er derfor eit unik høve for publikum og fagpersoner i Bergen til å oppleve ei internasjonal utstilling om samtidskeramikk. Det er viktig at initiativet får ringvirkningar for det lokale, og Norwegian Crafts samarbeider difor m.a. med KODE om formidling, Kunst- og designhøgskolen i Bergen om undervisning / arrangement, VISP om open kritikarsamtale på Litteraturhuset.

I «opningsveka», 18.- 5.januar 2015, vil ein delegasjon på 27 kinesiske kunstnarar, kuratorer, museumsdirektørar, sjefredaktørar og andre fagfolk besøke Bergen. Norwegian Crafts har god erfaring med å lage besøksprogram for internasjonale samarbeidsparter, og vi kjenner oss sikre på at besøket til Bergen og Hordaland styrker samarbeidet mellom norske og kinesiske kulturaktører.

B. Økonomi: søker om midlar til transport, honorar, reisekostnader, katalog, representasjon og forsikring til satsinga *Beyond G(l)aze*. Totalbudsjett: 1 676 000 kroner

INNTEKTER	2013	2014	2015
Drift-/prosjektmidler Kulturrådet	15 000	15 000	
UD prosjektstøtte	70 000	500 000	35 000
Den norske ambassaden i Beijing	70 000		
Økonomiske bidrag gjennom avtale, KODE		280 000	
Bergen Kommune Katalogstøtte		30 000	
Det norske generalkonsulatet i Shanghai, visningen i Suzhou		95 000	
Det norske generalkonsulatet i Shanghai, visningen i Bergen (omsøkt)			45 000
Omsøkt støtte hos Hordaland Fylkeskommune, ålmenne kulturformål		40 000	
Omsøkt støtte hos Hordaland Fylkeskommune, åpen søknad		200 000	
Bergen Kommune, utstillingen i Bergen			35 000
Omsøkt støtte hos Kulturrådet, prosjektstøtte			286 000
Overførte prosjektmidler		-30 000	30 000
Sum inntekter: 1 676 000 kroner			

C. Fylkesrådmannen si vurdering: Dette er eit stort prosjekt, og fylkesrådmannen ser ikkje å kunne innfri denne søknaden jf det strame økonomiske rommet. Det er gitt ei mindre støtte til prosjektet gjennom ordninga Ålmenne kulturføremål.

10. Olav H. Haugestiftinga: Søknad om økonomisk støtte til Olav H. Haugestiftinga

Søkjer 7000 kroner

A. Utdrag frå søknad:

Etter at Olav H. Hauge-senteret vart konsolidert med Nynorsk kultursentrum (NK), gjekk stiftinga sine økonomiske ressursar inn i det konsoliderte senteret. Stiftingskapitalen står att, men den kan ikkje rørast. Det er viktig at stiftinga gjennom stiftarane Ulvik herad og Hordaland fylkeskommune, får driftsmidlar til å halde oppe aktiviteten framover. NK og OHH er to sjølvstendige einingar og det er difor heilt uaktuelt at NK yter OHH driftsstøtte. (...)

Før konsolideringa fekk OHH eit årleg tilskot på kr. 100.000 frå fylkeskommunen. Når NK no utviklar og driv Hauge-senteret, er arbeidsoppgåvene og utgiftene våre endra monaleg. Som part i samarbeidsavtalen, eigar av boksamlinga etter Hauge og den som skal overta senteret ved ei ev. oppseiing, krevst det likevel ein viss aktivitet. (...)Tilskotet vil gå til å dekke dei faste driftsutgiftene; utgifter til rekneskap/revisjon, diverse årlege avgifter, utgifter knytta til 2 årlege styremøte og reforhandling/oppfylgning av samarbeidsavtalen OHH-NK.

B. Økonomi

Tilskotet er, ved sida av same tilskotssum frå Ulvik herad, stiftinga sin einaste inntektspost og er nytta til å dekke faste driftsutgifter. Dette er utgifter til rekneskap og revisjon, forsikring av boksamlinga, diverse avgifter, utgifter til styremøte m.m.

C. Fylkesrådmannen si vurdering: Som skreve i innleiinga er dette ein av to søknader om små midlar som fell utanfor andre stønadsordningar og som er avhengig av midlane for at tiltaket kan eksistere. Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar i denne storleik gjennom fleire år. Det har vore jobba for at dette behovet kan løysast gjennom andre kanalar, i hovudsak Nynorsk kultursentrum/Olav H. Haguesenteret, utan at dette har lukkast.

Tilråding 7000 kroner

11. Stiftelsen Nye Fyllingsdalen teater: Søknad om tilleggsmidler / krisehjelp for 2014

Søkjer 400 000 kroner

A. Utdrag frå søknad/ B. Økonomi:

Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater søker herved med dette om ekstrabevilgning til drift for 2014 oppad kr. 400.000,-. Likeltydende søknad er sendt Bergen kommune ved seksjon for kunst og kultur.

Situasjonen er for øyeblikket prekær. P.t. er konto nær sagt tom, og det er ikke midler til drift f.o.m. 01. juli.

BAKGRUNN:

Gründer og teatets eier Tove Ringereide gikk brått bort i 2012. Teatermiljøet i Fyllingsdalen slo raskt ring rundt sin lille kulturperle og en stiftelse ble rask dannet for å sikre huset, miljøet, barna og publikum. Verken vi eller Bergen kommune kunne forutse situasjonen som oppstod, men etter vår klare oppfatning var det svært viktig å opprettholde driften i huset fra dag 1. Stiftelsen har utvist tålmodighet og forståelse for at de politiske prosesser tar tid, men tiden er nå i ferd med å renne ut.

Teateret har søkt fylket om driftsmidler fra 2015. Overfor Bergen kommune har behovet for et samlet offentlig driftstilskudd på kr. 500.000,- blir kommunisert siden stiftelsens oppstart i 2012.

(...)I dag kommer ca. kr. 500.000,- av støtten til teateret fra private bidragsytere. Driftsbudsjettet for 2014 er på drøyt 1,7 mill. av et totalbudsjett på kr. ca. 4,5 mill.

I praksis er situasjonen den at hvert enkelt prosjekt må gå flere hundretusen i pluss for å finansiere drift, en umulig situasjon.

Det finnes ikke en eneste post lenger hvor vi kan spare inn penger. Maling og materialer sponses, mat til barnas premiefester får vi i gave fra den lokale kjøpmannen, utgått utstyr erstattes ved donasjoner. Siste

skanse er å spare på tilbudet til barna eller redusere kvaliteten i våre forestillinger – neppe en god idé om vi fortsatt skal kunne forvente et billettsalg oppunder 3 mill. (...) Fyllingsdalen Teater kan vise til en helt unik evne til å skape mye ut av lite. I fjor satte teateret publikumsrekord med nær 20.000 mennesker innom dørene. (...) Bare første halvår kan vi vise til 3 egne produksjonen i teateret, publikumsvekst sammenliknet med samme tid i fjor og rekordmange barn og unge knyttet til huset. I skrivende stund har teaterskolen 197 elever, cirkuskolen 25 elever i tillegg til ca. 70 ungdommer og voksne aktive medlemmer. Sannsynligvis er vi nå landets største breddeteater. (...) Til slutt kan vi legge til at vi med stor glede og entusiasme alt til rette for at mindre aktører får tilgang til vår funksjonelle og flotte scene.

(...) Vedrørende vår søknad om ekstramidler til drift av Fyllingsdalen Teater 2014 fikk vi i går en telefon om at Bergen kommune stiller med 150.000,- i tillegg til de 100.000,- i driftsmidler de allerede er inne med. Dermed er budsjettet underskudd for 2014 redusert til kr. 215.887,-. Vi jobber parallellt med å skape et forutsigbart og levedyktig budsjett for 2015, men vi fastholder at minimum kr. 500.000,- av teaterets totale ramme på ca. 4,5 mill. må komme som offentlige tilskudd .

C. Fylkesrådmannen si vurdering: Stiftelsen Nye Fyllingsdalen teater søker med dette om ekstraordinært driftstilskot på 400 000 kroner. Det er også søkt om ordinært driftstilskot for 2015, noko det ikkje er funne rom til i fylkesrådmannens innstilling til budsjett. Søkjær har fått midlar frå fylkeskommunen til reparering av bygg gjennom ordninga for støtte til kulturbygg.

Fylkesrådmannen finn ikkje rom i denne søknadshandsaminga til å prioritere midlar til ekstraordinære driftsbehov av organisasjonar eller tiltak der Hordaland fylkeskommune ikkje er inne med ordinær driftsstøtte over budsjett eller har andre forpliktingar.

Tilråding avslag

12. Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus: Ekstraordinært driftstilskot for 2014

Søkjær 110 000 kroner

A. Utdrag frå søknad

Sentralbadet Litteraturhus blei på kort tid tatt i bruk som det andre litteraturhuset i Noreg. Huset er, til tross for at det enno ikkje er ferdigstilt, i full bruk under Litteratursymposiet og elles når styret for stiftelsen ser ei muligheit for utleige eller eit eget arrangement. Huset har så langt vore arena for opplesingar, debatter, bokprat og konsertar.

Til tross for ein eventyrleg start for litteraturhuset, der mange instansar og institusjonar bidrog med midlar og arbeidskraft/dugnad til både innvendig og utvendig restaurering av huset, har det tatt tid å skaffe dei siste midlane som er naudsynte for å få ferdigstilt huset. Det er no svært viktig for styret i Litteraturhuset og mange med oss i Odda at Litteraturhuset omsider blir fullført, slik at vi kan få til normal drift av huset, og vidareføre den suksessen og entusiasmen som huset har generert sidan planane først vart lansert i oktober 2009. Eit ferdigstilt hus i full drift vil også vere eit naturleg utgangspunkt for ny næringsutvikling i Odda og regionen der kunnskap og litteratur står i sentrum. (...) Det er i dag mange ting som gir grunn til stor optimisme på vegne av Sentralbadet Litteraturhus. Eitt av disse er Odda kommunes satsing på huset gjennom bevillingar for 2014. Det dreier seg om 350 000 kroner til investeringar i bygget, samt en tretti prosent administrativ stilling som gjør det mogleg å førestille seg ei meir ordinær drift av huset enn tidlegare. Investeringsmidlane går til gjenstående bygningsarbeid i både 1. og 2. etasje, så som fullføring av ventilasjonskanalar, branntetting i 1. etasje, himlingsplater i midtrom og kjøkken, diverse malings- og pussearbeider, reparasjonar av dører og vinduer og rivning av himling og forsterking av takkonstruksjon i 2. etasje. I tillegg ferdigstilles kjøkkenet så langt det er mulig. Vi håper å bli ferdig med så mye som mulig av dette arbeidet før Symposiet 2014. (...) Styret har stor tro på at litteraturhuset no er inne i eit godt spor med både investeringsmidlar frå kommunen, ein administrativ stillingsressurs på 30 % og eit aktivt venelag. Driftskostnadane er berekna å ligge på 110 000 kroner.

B. Økonomi

Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus søker om midlar til ekstraordinært driftstilskudd for 2014. Stiftelsen har no eit akutt behov for midlar til ordinær drift som strøm, forsikring, regnskap og kontorutgifter for at huset etter hvert skal kunne etablere en god drift og en bærekraftig økonomisk situasjon.

Totalbudsjett: 200 000 kroner

INNTEKTER

Utleie til arrangement /møter:	50 000 kroner
Inntekt arrangement:	40 000 kroner
Omsøkt støtte hos Hordaland fylkeskommune	110 000 kroner

- C. Fylkesrådmannen si vurdering: Det vart søkt om midlar til same tiltak i vår og søknaden vart handsama i sak med vårens tildelingar knytt til Kultur- og ressursutvalet sin rådveldkonto. Det var då innstillt positivt frå fylkesrådmannen. Tilrådinga vart ikkje teke til følgje og vedtaket vart avslag. I denne saka med haustens søknadar ser ikkje fylkesrådmannen å kunne finne rom for å tilrå støtte. Hordaland fylkeskommune har vore inne med investeringsmidlar til bygget, men har ikkje andre forpliktingar knytt til drift.

Tilråding avslag

13. BIT Teatergarasjen – Søknad om støtte til prosjektering av nytt teaterhus for BIT Teatergarasjen og Carte Blanche

Søker 300 000 kroner

A. Utdrag frå søknad

For 6.året på rad er dei to institusjonane utan fast scene med midlertidige løysingar som både er lite funksjonelle og dyre, samstundes som produksjonen skal oppretthaldast og kvaliteten på framsyningane ivaretekast. I tillegg til den svært krevjande driftssituasjonen vert det no nytta betydelege ressursar på å utgreie muligheter for eit nytt teaterhus.

Etter fleire år med høg usikkerhet, ein langdryg prosess særskilt knytt til antikvariske forhold og mange skjær i sjøen har man no nådd ein milepæl ved at Bergen kommune stiller til rådighet ein tomt i Baneveien. Det er oppnådd einigheit med Fylkeskonservator og Riksantikvar, og det har vore ein løypande dialog med eiger av den freda busetnaden i same kvartal. Bergen kommune har bevilga 1,6 millionar kroner til vidare prosjektering, og reguleringsarbeid. Planen er at eit nytt bygg med scene, prøvesal og kontorar kan opne 2017/18, og investeringsmidlane er planlagt lånefinansiert med ein kommunal lånegaranti, nedbetalt gjennom auka driftstilskot/inntekter.

BIT Teatergarasjen har som framtidig huseigar lagt både arbeid og pengar i prosjektet sidan 2008. det har vore naudsynt å utgreie ulike løysingar for å kunne ta stilling til dei, og BIT Teatergarasjen har nytta både oppsparte midlar og driftsmidlar på til saman over 3 millionar kroner i perioden. Kostnadane har gått til arkitekthonorar, advokatutgifter, prosjektleiing, bygganalyse, grunnundersøkingar og anna naudsynt ekspertarbeid. Teateret har ikkje på noko tidspunkt i den seks års perioden fått tilført ekstra midlar, og er no i den situasjon at det ikkje finst meir midlar til det heilt naudsynte forprosjektet som må gjennomførast i år og neste år. Til saman er det behov for minimum 2,7 millionar kroner, der Bergen kommune har bevilga 1,6 millionar kroner. Det vert difor søkt om eit bidrag på 800 000 kroner frå Kulturdepartementet og om eit bidrag på 300 000 kroner frå Hordaland fylkeskommune.

Dersom søknadene vert innvilga er det mogleg å fullføre eit forprosjekt som kan detaljere både funksjonsbehov, økonomi og arkitektoniske løysingar og munne ut i ein konkurranse. Utan eit bidrag frå stat, fylkeskommune og kommune vil ikkje BIT Teatergarasjen vere i stand til å utvikle prosjektet vidare, noko som vil ha svært alvorlige konsekvensar ikkje berre for BIT Teatergarasjen men også Carte Blanche. Vi håpar difor på positiv behandling av søknaden og at både departement og fylkeskommune har forståing for den vanskelege og uforskyldte situasjonen ein har havna i, og medverkar til at to viktige institusjonar omsider kan få dei fysiske rammar som er heilt naudsynte for å kunne drive vidare for begge.

B. Økonomi

Totalbudsjett: 2 700 000 kroner

INNTEKTER

Bergen kommune: 1 600 000 kroner
Omsøkt støtte hos Kulturdepartementet: 800 000 kroner
Omsøkt støtte hos Hordaland fylkeskommune: 300 000 kroner

- C. Fylkesrådmannen si vurdering: Dette prosjektet har no vore på planleggingsstadiet i mange år, og det hastar å få dette på plass på ein god måte. BIT Teatergarasjen er ein sterk og viktig kulturaktør i Hordaland og fylkeskommunen har eit særst sterkt ansvar for Carte Blanche. Fylkesrådmannen tilrår difor at dette prosjektet prioriterast no slik at fylkeskommunen saman med dei andre finansieringskjeldene Bergen kommune og staten kan få dette på plass.

Tilråding 207 000 kroner

14. Thai forening Hordaland: Søknad om dekning av underskot ved kulturarrangement

Søker 79 395,05 kroner

- A. Utdrag frå søknad / B. Økonomi:

Thai Forening Hordaland arrangerte eit stort arrangement ope for publikum i Bergen sentrum, Festplassen, 14.06.2014, frå klokka 09:00-19:00. Hovudmålet med å arrangere dette var å framvise thailandsk tradisjonell kultur. Den samla inntekta frå arrangementet var på 74.020 kroner mens arrangementet sine samla utgifter var på 153.416,05 kr. Søker Hordaland Fylkeskommune om dekning av underskot på 79.396 05 kr.

- A. Fylkesrådmannen si vurdering: Thai forening er ein av dei største innvandrorganisasjonane i fylket og forholdsvis nystarta. Foreninga har fått driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune / Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. Det er ikkje vanleg at fylkeskommunen går inn med løyvingar for å dekke underskot, og det omsøkte tiltaket kjem ikkje høgt nok opp i ei samla vurdering til å verte prioritert i denne samanheng.

Tilråding avslag